

---

**Saksnr:** 2021/2704-10  
**Saksbehandlar** Bekka Skaasheim  
**Dato:** 23.04.2021
 

---



---

**Til:** Yrkesopplæringsnemnda  
 Hovudutval for opplæring og kompetanse  
 Fylkesutvalet
 

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring og kompetanse
 

---

### Covid-19 - statlege tilskot 2021

Vestland fylkeskommune har motteke statlege tilskot frå Utdanningsdirektoratet og Kompetanse Norge for å følgje opp med tiltak som følgje av pandemien.

Fylkesdirektøren vil snarast setje i gang tiltak i tråd med føringar gitt i tildelingsbrev.

Fylkesdirektøren vil vurdere bruken av midlar fordelt på inneverande skuleår og neste skuleår, då dei tildelte midlane gjeld for heile 2021.

Under følgjer eit oversyn over tildelte midlar, målgrupper og eksempel på tiltak.

### Nasjonale og fylkeskommunale tiltaksmidlar 2021

| TILTAK   | 2020       | Overfø<br>rt-21 | 2021          | Til<br>disp   | målgruppe  | Tiltak i vlfk 2021   |
|--|------------|-----------------|---------------|---------------|--|--|
| Tilskot til fylkeskommunar for at fleire permitterte og ledige utan fullført vidaregåande opplæring kan fullføre | 32 mill kr | 32 mill kr      | 31,7 mill kr  | 63,7 mill kr  | Personar utan fullført vidaregåande opplæring, utan rett. Inga nedre aldersgrense med unntak av avgangskull.   | 300 kandidatar, derav ca 100 i målgruppa. 60 stk skal få tilbod om stud.teknikk og digital kompetanse. Styrke ordninga Fagbrev på jobb |
| Tilskot til tiltak for lærlingar   | 22 mill kr | Ca 7 mill kr    | 12,55 mill kr | 17,55 mill kr | Tiltak knytt til formidling til læreplass. Tiltak knytt til arbeid med å rekruttere lærebedrifter. Tiltak som stimulerer lokalt næringsliv eller opplæringskontor til å senke terskelen/reducere risikoen ved å ta inn lærlingar/praksisbrevkandidater/lærekandidater<br>Tiltak som bidreg til at lærlingen/praksisbrevkandidaten/lærekandidaten får fullført læreløpet sitt i bedrift<br>Auka lærlingtilskot for lærlingar/praksisbrevkandidater/lærekandidater til bedrifter i bransjer som er hardt rammet av pandemien.<br>Tilbud om alternativ Vg3 i skole som alternativ til læreplass<br>Tilskotet skal ikkje nyttast til ordninga "Fagbrev på jobb". | Tiltak skal drøftast med Yrkesopplæringsnemnda. Representantar for opplæringskontor skal involverast.                                  |

|   |              |              |              |              |   |   |
|---|--------------|--------------|--------------|--------------|---|---|
| Fagbrev på jobb   | 15,1 mill kr |              | 5,1 mill kr  |              | Personar med og utan rett, og med praksis som kan kvalifisere seg til fagbrev   | Auke talet på kontraktar.   |
| Tiltak retta mot sårbare barn og unge                                       | 4 mill kr    |              | 3,8 mill kr  |              | Målet med tilskotsordninga er å redusere elevane sin tapte progresjon i perioden skulane har vore stengt eller har hatt redusert opningstid grunna smittevernstiltak. Ordninga skal bidra til at det blir oppretta nye tilbod eller at allereie eksisterande tilbod vert utvida – til dømes intensiv opplæring, leksehjelp eller sommarskole. Midlane frå ordninga kan også nyttast til auka bruk av lærarar, miljøarbeidarar/sosiallærarar og andre tilsette på skulen som kan bidra til at elevane tek att tapt progresjon.                       | Søkbare midlar<br>Kriterie:<br>Omfang av heimeundervisning og tal dagar på raudt<br>Individuelle tiltak, vore i karantene, språkvanskar, ikkje nyttegjort seg digital opplæring |
| Tilskot til fylkeskommunane for at årets avgangskull skal fullføre og bestå | 18,5 mill kr | 16,6 mill kr | 18,1 mill kr | 34,7 mill kr | «Midlene kan også brukas til å gi kompensierende opplæring for tapt undervisning som følge av pandemien for elever og lærlinger slik at de fullfører videregående opplæring i størst mulig grad.»<br><br>Hovedinnsatsen bør rettes mot årets avgangskull. Som det går av tildelingsbrevet, kan noko av midlane nyttast til sommarskule og anna kompensierende opplæring for tapt undervisning som følgje av pandemien. Det er viktig at midlane vert retta mot opplæringstilbod utover det ordinære tilbodet fylkeskommunane har plikt til å tilby. | Ekstra praksisopplæring for å kompensere for redusert YFF og verkstadopplæring. Eksamensførebuing Førebu NUS prøve Kvalifisering for opplæring i bedrift.                       |
| Yrkesfagleg rekvalifisering   |              |              | 5,7 mill kr  |              | Personar med omstillingsbehov som allereie har studie- eller yrkeskompetanse med mål om varig tilknytning til arbeidslivet. Også dei som ikkje er motivert for høgare utdanning. Mogeleg å starte på ny yrkeskompetanse(fleire fagbrev)   |   |
| Krafttak for psykisk helse*   |              |              | 20 mill kr   |              |   |   |
| Fullføring*   |              |              | 12,9 mill kr |              |   |   |

- \* fylkeskommunale midlar